

Farkvamen barnehage



MAURTUEKLUBB

Innleiing

Maurtueklubb er for dei borna som går sitt siste år i barnehagen før skulestart. Vi ynskjer å gje borna eit variert tilbod som gjer at dei synest det er spanande og kjekt i barnehagen. Maurtueklubben møtast ein dag i veka. I april/mai møtast dei to dagar i veka - rosarusstida.

Denne planen utarbeidast for å sikre kvaliteten på førskulegruppa ved Farkvamen Barnehage. Den skal kunne brukast som eit verkty for personalet og også som eit informasjonshefte for borna sine foreldre. Det er viktig at vi tenkjer på alle borna i førskulegruppa. Her er det ulike born, med ulike behov og tilnærming til oppgåvene. Dette vil vi ta omsyn til ved å legge vekt på at alle skal kjenne meistring og få individuelle utfordringar.

Vi ynskjer å kvalitetssikre arbeidet som vert gjort i Maurtueklubben. Vi ynskjer at borna skal kjenne seg budd til å starte på skulen. Vi har også eit samarbeid med skulane som borna skal byrje på for at overgangen frå barnehage til skule skal bli best mogleg.

Tema Maurtueklubben skal innom:

- Ferdigheiter borna skal øve på før skulestart.
- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Mengd, rom og form.
- Kunst, kultur og kreativitet
- Skrivedans
- Maurtuekor

Ferdigheiter borna skal øve på før skulestart

Vi ynskjer at borna skal vere godt budd til skulestart, og har difor sett opp nokre oppgåver og ferdigheiter vi skal øve på gjennom heile året. Borna vil også få utdelt ulike oppgåver på ark som dei set inn i eigen perm.

Oppgåvene er:

- Skrive sitt eige namn/ kjenne igjen namnet sitt og ulike ord.
- Øve på rett blyantgrep.
- Øve på å klippe og bruke saks.
- Teikne/fargelegge innanfor strekar
- Øve på rett skriveretning
- Bli kjent med omgrep som til dømes preposisjonar, tall, rom, form og mengd.
- Ta i mot og utføre beskjedar
- Vente på tur
- Rekkje opp handa og lytte til andre.
- Bli sjølvstendig i forhold til påkledning, toalett/hygiene og halde plassen sin ryddig.

Vedlegg:

- [kryssliste](#)
- [Namneleik](#)
- [Namna](#)
- [Meg sjølv](#)

(Sjå ideperm for Mautueklubben på kva oppgåver vi har brukt)

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling (KD 2017, s 48)

Aktivitetar som skal nyttast er:

- Skrivedans
- Mautuekor - der vi mellom anna synger på ulike språk
- Gjere ulike skuleførebuande oppgåver - sjå ovanfor
- Målaget og Aasentunet inviterar oss til fellesførestilling med språkleg medvit- sjå meir på Aasentunet.no.

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får røre på seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnadar (KD 2017, s 49)

Aktivitetar som skal gjennomførast er:

- Skrivedans med ulike rørsler
- I koret synger vi songar med rørsler og dans
- Fjelltur til Helgehornet eller Brekkeheida
- Ein tur til Sunnmørsbadet
- Rosarusstreff med ulike aktivitetar og avslutningstur til Hakallegarden.

MENGD, ROM OG FORM

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande. (KD 2017, s 53)

Vi fokuserer på å finne oppgåver med sortering:

Størst - minst, stor - liten, høg - lav, tung - lett. Barna skal også telje og setje mengd til tal. Vi skal jobbe med ulike omgrep: Sirkel, trekant, kvadrat, rektangel, fyrst - sist, over - under, før - etter. Leik, rolleleik og spele ulike brettspel som omhandlar teljing, mengd og former. Vere med på dei ulike kvardagsaktivitetane, som t.d vere med å lage mat, dekke på bordet, kle på seg sjølv i rett rekkefølge, rydde etter seg til rett plass.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk. (KD 2017, s 50)

Ein aktivitet som har blitt ein tradisjon for Mautueklubben er å delta på kunstutstillinga på Aasentunet. Kvart år vert ei ny nynorsk bok for barn sendt til barnehagen. Så les vi boka og let oss inspirere av den til å tenkje ut eit kunstverk vi har lyst å lage i fellesskap. Dette er ein veldig spanande prosess både for store og små. Det ferdige kunstverket skal leverast på Aasentunet, der det vert laga ei kunstutstilling av alle bidraga dei får inn frå barnehagane i Ørsta og Volda. Vi vert invitert til opning av utstillinga. Der er ofte forfattaren av boka og les høgt frå den. Barna får kakao og peparkaker. Utstillinga heng eit par veker og er også open for foreldre og andre som har lyst til å sjå. Til sist får vi kunsten vår tilbake til barnehagen og kan henge den opp der.

OVERGONG BARNEHAGE-SKULE

I samarbeid med Ørsta Kommune, skule og barnehagane er det sett opp ein plan for overgangen mellom barnehage og skule. Dette er gjort for at barnet skal få ein best mogleg start på skulegangen sin. Rektor og inspektør besøker barnehagen i mars, borna er på innskriving på skulen i april. Foreldre vil få tilsendt klasseliste i slutten av mai og i starten av juni er det ein dag med førskule for alle borna.

Ped.leiar frå kvar avdeling har møte med kontaktlærar på skulen i starten på juni.

- [Samtykkeskjema for overgang barnehage skule](#)
- [Skjema for samtale om overgang frå barnehage til skule](#)
- [Timeoppsett for overgangssamtale](#)

SKRIVEDANS

Skrivedans er ein læringsmetode som er utvikla av Ragnhild Oussoren i byrjinga av 1990-talet. Vi har brukt skrivedans på Mautueklubben i nokre år. Eit av måla med skrivedans er betre konsentrasjonsevne. Vi brukar ei bok som har 9 ulike tema som t.d toget, vulkan, åttetal, rundingar og robot m.m. Borna får gjere rørsler til musikk først ved å bruke kroppen og etterpå skal dei videreføre desse røslene med å teikne på papir. Borna brukar begge armar/hender når dei teiknar, det vil sei at begge hjernehalvdelane arbeidar, noko som er viktig for å lære seg å lese og skrive. Les meir her: [Skrivedans](#)

- [Musikk til skrivedans](#)

ROSARUSS

Dei eldste borna i barnehagen er rosaruss. I april månad vil vi i Mautueklubben førebu oss til rosarussfeiringa som startar i slutten av april, og som varer til 16 mai.

I løpet av denne tida vil vi ha russedåp og russetreff. Vi lagar russekort og borna skal få ei t-skjorte som dei dekorerer. Barnehagen kjøper russehue til borna. Borna kan få knutar, fjør, ispinne m.m i russehue si etter kvart som dei oppnår knuteregiane våre. Vi ynskjer at borna kun skal ha dei russekleda som vi bestiller inn eller lagar. Vi oppmodar

foreldre om å respektere dette, og at dei ikkje kjøper inn meir utstyr sjølv. Det kan skape eit unødig kjøpepress.

Ein bør starte tidleg å feste russeknutane til dusken, spesielt ved store russekull. Dette er tidkrevjande. Ein kan gjerne starte med ein gong dei begynner å få knutar, sjølv om ikkje russedåpen har vore enno.

- Plan for andre halvår- Mautueklubb
- [Russeknutar](#)
- [Mal til russekort](#)
- [Bilder til russehua](#)

MAURTUEKOR

Omlag kvar tredje klubbdag har vi Mautuekor. Vi har laga oss eit repertoar av songar som vi nyttar. Desse songane har vi laga om til “notar” i form av bilete som den vaksne held opp og borna kan sjå på medan dei syng. Dette gjer at dei lettare kan hugse tekst og vere med på songen. Vi har også singback-musikk på ein cd som vi syng til. Borna er stilt opp som eit kor medan dei øvar. Det er mykje vi øvar på når vi syng i kor:

- Hugse tekst og syngje teksta på rett stad i songen.
- Stå på sin plass utan å forstyrre eller bli forstyrra av sidemannen.
- Følgje takt og rytme når ein syng.
- Ta imot felles beskjedar som vert gitt.
- Lære seg å bli så trygg at ein tør å syngje i lag med andre, og åleine.
- Øver på å bli så trygge på songane at vi klarer å syngje dei framfor eit publikum, som til dømes sommarfesten med foreldre, søsken og besteforeldre.

Døme på songar vi syng:

- [Fru Pigalopp](#)
- [Klovnesang](#)
- Rainbow
- Maur i rumpa
- Elektrisk

AVSLUTNINGSTUR TIL HAKALLEGARDEN

Som ei avslutning på både Mautueklubben og borna si tid i barnehagen, har vi som ein tradisjon å køyre til Hakallegarden i Vanylven. Vi ringer Aina (90068996) og tingar dag alt i mars.

Etter antal på barnegruppa så reknar vi ut både kor mange vaksne som må vere med og evt ekstra personbilar. Vi tek med grillmat, drikke og eingongsgrillar, samt litt frukt og snacks.

Vi lagar bildedokumentasjon til permen av denne turen.

TUR TIL SUNNMØRSBADET

Ein tek med Mautueklubben på Sunnmørsbadet i Fosnavågen. Dette vert gjort i mai/juni månad. Også her er det viktig å tinge dag tidleg. Ein må ha godt med vaksne på denne turen, og ein av dei vaksne må stå på land og telje heile tida.

Informasjonsskriv til foreldre (Hakallegarden og Sunnmørsbadet): [Informasjonsskriv](#)